

Johann Roppen

Fra: Johann Roppen
Sendt: fredag 1. februar 2019 09:06
Til: ALLE-Campus
Emne: NYHENDEBREV FOR HØGSKULEN I VOLDA, NR 5/2019, 1. FEBRUAR 2019.

NYHENDEBREV FOR HØGSKULEN I VOLDA, NR 5/2019, 1. FEBRUAR 2019.

Nyhendebrev frå rektor til tilsette og studentar ved Høgskulen i Volda.

Redaktør: Rektor Johann Roppen, jr@hivolda.no

Send gjerne tips og kommentarar.

FRAMLEGG TIL NYE STYREMEDLEMMER FOR HØGSKULEN I VOLDA

Høgskulestyret har denne foreslått 10 personar som nye styremedlemmer for styreperioden 2019-2023. Dette er Bernt Hagtvet, Knut Helland, Lodve Solholm, Geir Terje Ruud, Bodil Palma Hollingsæter, Gunn Berit Gjerde, Ingunn Hestnes. Tre varamedlemmer har sagt ja til å vere med i styret vidare: Ingrid Opedal, Aslaug Krogsæter og Oddbjørn Følsvik. Ved dei siste utpeikingane har Kunnskapsdepartementet berre delvis følgd framlegga frå høgskulestyret.

Meir om høgskulestyret på våre nettsider: <http://opengov.cloudapp.net/Meetings/HIVOLDA/Boards/Details/207836>

Sjå også omtale av denne saka i nettavisa Khrono: <https://khrono.no/eksterne-styremedlemmer-hogskulen-i-volda-styre/volda-onsker-hagtvet-og-ni-andre-i-styret/258826>

INTERNASJONAL DAG (1): GAME OF THRONES-STJERNE TIL VOLDA

Voldastudentane har røysta på sin drøymegjest på Internasjonal dag, og dei har fått ønsket oppfylt. På Internasjonal dag onsdag 6. februar er det ekteparet Gry Molvær Hivju og Kristofer Hivju som skal halde hovudføredraget. Og for dei som har bodd under ein stein dei siste åra, så er skjeggpryda Kristofer Hivju ei av dei store stjernene i fjernsynsserien "Game of Thrones". Gry Molvær Hivju er tidlegare voldastudent og kjend blant anna frå NRK-programmet Schrødingers katt. <https://www.nrk.no/viten/gry-molvaer-1.1850743>

INTERNASJONAL DAG (2): RAKETTFORSKAR PRØVER Å FORSTÅ NORDMENN

Den canadiske rakettforskaren Julien S. Bourrelle har skrive boka «The Social Guidebook to Norway» ut frå sine erfaringar med å leve og bu i Noreg. Boka har seld meir enn 50 000 eksemplar og Bourrelle er også ein framifrå føredragshaldar og kjem til internasjonal dag. https://no.wikipedia.org/wiki/Julien_S._Bourrelle

Meir om internasjonal dag:

<https://www.hivolda.no/nyhende/hivju-til-hogskulen-volda>

INTERNASJONALE VOLDASTUDENTAR

I ei undersøking sitert i nettavisa Khrono går det fram at ca 23 prosent av studentane ved Høgskulen i Volda dreg på utveksling - og det er blant dei høgste tala i sektoren og høgare tal enn dei fleste store universitet. Høgskulen i Volda har i dag utvekslingsavtalar med ca 140 høgskular og universitet i heile verda.

<https://khrono.no/diku-utveksling/hver-sjette-student-drar-utenlands-men-store-sprik-mellom-laerestedene/258336>

STUDENTVEKA OG STUDENTREVVY 10.-23. FEBRUAR

Studentveka 2019 nærmar seg, og billettsalet har halde på ei stund. Veka startar 10. februar og studentrevyen "X3MT" har framsyningar 10., 11. og 12. februar. Billetter til arrangementa i veka - inkludert studentrevyen - finn du på Tikkio: <https://tikkio.com/organizer/180-studentsamfunnet-i-volda>

Meir om Studentveka og revyen på deira Facebook-sider: <https://nb-no.facebook.com/VEKaiVolda/>

STUDENTHELSE: PROSJEKTMIDLAR TIL SIVOLDA

Studentsamskipnaden i Volda har fått kr 350.000 frå Helsedirektoratet gjennom ei ordning som skal betre studentar si psykiske helse. Prosjektet er utvikla i nært samarbeid med Høgskulen i Volda og pengane skal brukast til å arrangere seminar for studentar ved studiestart i 2019, ein kursserie om psykisk helse og kompetanseheving for fagleg tilsette for å gjere utdanningsamtalane betre på tema som gjeld psykisk helse.

Les pressemelding frå Helsedirektoratet: <https://www.regjeringen.no/no/aktuelt/18-millioner-til-bedre-psykisk-helse-hos-studenter/id2625099/>

FORUM FOR HØGSKULEHISTORIE: FØREDRAG OM ERLING KRISTVIK

Kjell Arild Madssen vil onsdag 6. februar halde føredrag over temaet: ""Erling Kristvik - ein nasjonal strateg?". Dette skjer i regi av forskingsgruppa Forum for høgskulehistorie. Gruppa vart starta i fjor haust med eit seminar om skriving av høgskule- og universitetshistorie. Forumet har også vorte registrert som ei av dei mange forskingsgruppene ved Høgskulen i Volda: <https://www.hivolda.no/forskning/forskningsgrupper-0>

NYE ØVINGSLOKALE PÅ MUSIKK: FRÅ SOLOROM TIL BANDROM

Studentane på musikkutdanningane ved Høgskulen i Volda har fått nye og tenlege lokale særleg tilpassa øving for band. Dei tidlegare musikkrom var tilpassa øvingar for einskildmusikarar, men fleire studentar ønska heller å øve i lag, og etter fleire års planlegging og til ein kostnad av ca kr 2 millionar har dei nye bandroma kome på plass og er i særleg intens bruk no fram mot premieren på studentrevyen.

Sjå også omtale på våre nettsider: <https://www.hivolda.no/humanistiske-fag/nye-samspelrom-ved-musikkutdanninga>

PAULSEN NESTLEIAR I STUDIEADMINISTRASJONEN

Ragnhild Paulsen er fast tilsett som seniorrådgjevar og nestleiar i Studieadministrasjonen. Paulsen har permisjon frå stillinga som kontorsjef på Avdeling for humanistiske fag og lærarutdanning.

SÆVIK BJØRNESET VIKARIERER SOM KONTORSJEF PÅ AHL

Kristine Sævik Bjørneset har teke til i vikariat som kontorsjef på Avdeling for humanistiske fag og lærarutdanning. Bjørneset kjem frå stillinga som økonomikonsulent på same avdeling.

PÅMINNING: UTLYSING AV FORSKINGSMIDLAR FRÅ REGIONALT FORSKINGSFOND - FRIST 13. FEBRUAR

Regionalt Forskningsfond for Midt-Noreg har til å søkje på forskingsmidlar. Det er 18 millionar kroner tilgjengeleg og søknadsfristen er alt 13. februar. Bedrifter, klynger og kommunar kan søkje, men må samarbeide med FoU-miljø. Ta kontakt med forskingsleiar Henriette Hafsaas om du vurderer å søke. Meir informasjon på fondets nettsider:

<https://www.forskningsradet.no/servlet/web/prognett-midtnorge/Utlysning/RFFMIDT/1253960376462>

MØTE, SEMINAR OG ANDRE AKTIVITETAR I 2019

Sjå også datoar for festivalar på Festivalforum for Søre Sunnmøre: <http://festivalforum.no/informasjon/arshjulet/>

6.2.2019: Internasjonal dag. <https://www.hivolda.no/en/international/international-week-international-day>

6.2.2019: Seminar: Forum for høgskulehistorie. Tema: "Erling Kristvik - ein nasjonal strateg?" v/ Kjell-Arild Madssen

14.2.2019: HMS-dag. Tema: Seksuell trakassering.

21.-22.3.2019: Avdelingsseminar ASH

22.2.2019: NSD informerer forskingsutvalet og faglege leiarar om personvern i forskning.

7.3.2019: Styremøte nr 1/2019

3.-4.4.2019: Solstrandseminaret, UH Nett Vest. <http://uhnettvest.no/>

10.-12.4.2019: ITS Volda (internasjonal studentkonferanse om lærarutdanning) <https://www.hivolda.no/its-volda>

23.-24.4.2019: Avdelingsseminar AMF

2.5.2019: Styremøte nr 2/2019

13.6.2019: Styremøte nr 3/2019

17.-20.6.2019: The Volda Symposium 2019: Forskningskonferanse om journalistikk. <https://www.hivolda.no/volda-symposium-2019>

19.-20.6.2019: Fjordkonferansen 2019. Tema: Digitalisering www.fjordkonferansen.no

20.6.2019: Sommaravslutning med 50-års markering for oppretting av DH (1969) - 25 års markering for HVO (1994) - byggestart for Sivert (Mediehuset)

20.8.2019: Semesterstart 2019-2020

18.-29.9.2019: Forskningsdagane 2019. Tema: Miljø.

HVO I MEDIA

Les nyhendeoppslag om HVO og HVO-tilsette i nyhendemedia og sosiale media:

https://www.tintup.com/t/customer_2082469_hogskolenivolda

LEDIGE STILLINGAR VED HØGSKULEN I VOLDA

<https://www.jobbnorge.no/ledige-stillinger/hoegskulen-i-volda>

REKTORBLOGGEN

<https://blogg.hivolda.no/jr/>

HVO PÅ SOSIALE MEDIA MM.

Facebook: <https://www.facebook.com/hivolda/>

Instagram: <https://www.instagram.com/hivolda/>

Youtube: <https://www.youtube.com/user/hivolda/>

Rektorbloggen: <https://blogg.hivolda.no/jr>

Rektors Facebookside: <https://www.facebook.com/rektorHVO/>

Løpande oppdatering av straumproduksjonen i solcelleanlegget: <http://evishine.dk/VoldaUniversityCollege?42229>

Bygging av nye studentheimar på Heltne - minutt-for-minutt-oppdatering: <https://www.sivolda.no/aktuelt/folg-utbygginga-pa-heltne-ii-minutt-for-minutt-article810-926.html>